



Leif Kolbjørn Kongestøl orienterer formannskapet i føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Politikarane i formannskapet stilte seg torsdag føremiddag svært positive til ein samarbeidsavtale om bustader til vanskelegstilte i Uskedalen. Avtalen vil eventuelt omfatta dei 4 til 5 bustadene som Uskedalen Eigedom skal byggja på grunnmuren til det tidlegare hagesenteret.

Verksemdsleiar for Rosendal-sona Leif Kolbjørn Kongestøl, som orienterte om saka, opplyste at like mange funksjonshemma har fått tilbod og vist interesse for kjøp eller leige av bustadene.

Dette er alle brukarar som har trong for tenester og oppfølging av ulikt omfang frå pleie- og omsorgstenesta. Kongestøl streka under at både for brukarene og omsorgstenesta som skal gje tenester er desse bustadene svært attraktive. Ein grunn er at bustadene er sentrumsnære og at brukarene vil ha kort veg til butikk og sosiale aktivitetar. Ein annan grunn er at dei ligg tett opp til personalbasen i Myro og ein tredje at dei ligg nær AFA, som vil vera ein viktig framtidig arbeidsplass.

Det vert svært vanskeleg for dei funksjonshemma sjølv å kjøpe bustadane. Dei er alle unge og trygda og vil ikkje ha inntekt som vil kunne forsvare eit slikt kjøp, På grunn av eit strengt regelverk kring anbudsreglement og kommunal involvering kan heller ikkje kommunen gå inn som leigetakar eller kjøpar. Men Husbanken har ei ordning dei kallar "bustadtilskot til vanskelegstilte" som kan utløyse eit tilskot på opptil 40 prosent av byggjekostnaden. Tilskotet vert ikkje utløyst dersom bebuarar vil kjøpa bustaden sjølv, men berre dersom kommunen får nytte seg av tildelingsretten til bustaden i minst 20 år. Dette er ein modell som Bergen kommune har nytta seg av sidan 2007.

Bustadane er prisa til 1.400.000 og med 40 prosent i tilskot utgjer dette 560.000 som kan trekkjast frå totalkostnaden og redusera leiga monaleg. I tillegg vil kvar enkelt kunna søkje om statleg bustøtte. Avtalen fører ikkje til nokon kostnader for kommunen så lenge det bur leigetakarar i husværa, understreka Kongestøl. Han minna om at Husbanken framleis har mykje pengar til disposisjon for dette året og at det difor hastar med å få denne saka inn til banken.

Knut Prestnes (Sp) kom med eit spontant, svært positivt signal: - Dette er eit interessant prosjekt. Her får vi noko opp i hendene som dekkar eit behov. Difor vil eg applaudera dette.

Ole Torbjørn Holmedal (Frp) var like positiv: - Dette må vi ta i mot med begge armar, det er ei god ordning som må kunne nyttast også i andre prosjekt og ein måte å få ned driftskostnadane på.

Dette må munna ut i ei konkret sak snarast.

Rådmann Trond Sætereng uttala at kommunen har ein oppegåande entreprenørbransje og at alle nok ikkje er kjent med den aktuelle avtalen. Difor var han redd for ein viss reaksjon frå andre, potensielle utbyggjarar og såg behov for ei viss førebuing av saka.

Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet): - Kan avtalen falle hvis ein annan utbyggjar kjem med eit liknande tilbod? Ordføraren oppmoda rådmannen om å leggja fram saka til realitetshandsaming i løpet av torsdagen.

Det skjedde ikkje, men saka skal handsamast seinare i månaden. Truleg vil ho bli fremma for komiteen for helse, omsorg og miljø 18. november og for formannskapet dagen etter. Rådmannen gav uttrykk for sterk optimisme med omsyn til eit tilskot frå Husbanken, men det må sendast inn ein grundig søknad.

Av Ola Matti Mathisen